

MØTEPROTOKOLL – KONTROLLUTVALET I LESJA KOMMUNE

Møtedato	Tid	Møtestad
Tysdag 18. november 2024	Kl. 14.00-16.00	Tussheim, Lesja sjukeheim

Til stades:

Medlemmer: Elin Randi Johnson (leiar), Anders Norderhus (nestleiar), Rune Møller, Per Holseth, Torild Visnes Leirmo
Varamedlem:
Andre: Elin Marit Andgard, sekretær i SKNG

Saker som vart handsama:

Sak 24/24 Henvendelser til kontrollutvalet

Andre opplysningar:

Møteinncalling: 12. november 2024
Møteleiar: Elin Randi Johnson
Referent: Elin Marit Andgard, sekretær SKNG

Underskrifter:

Vi stadfester med vår underskrift at det som er ført i saksnummer 24/2024 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.

R. Møller *Torild V. Leirmo* *Elin R. Johnson*
Anders Norderhus *Per A. Holseth*

Utskrift:

Protokoll fra kontrollutvalsmøtet går til: Kommunen, kontrollutval-medlemmer, Innlandet Revisjon IKS og SKNG si heimeside.

Møtedato:	Journalnr.:	Saksnr.:	Saksbehandler:
19. november 2024	301/24	24/2024	Elin Marit Andgard, SKNG

Godkjenning av innkalling og sakliste
Innkalling og sakliste vart godkjent.

SAK 24/24 HENVENDELSER TIL KONTROLLUTVALET

Saksopplysningar

Bakgrunn

Sekretariatet for kontrollutvalet har i løpet av siste månaden mottatt fire brev og ein telefon om forhold og saker i kommunen som avsenderane meiner kontrollutvalet bør handsame og følgje opp.

Mykje av innhaldet i førespurnadane/henvendelsene er unntatt offentlegheit, heimel i offentleglova § 13 og forvaltningsloven § 13, og er derfor ikkje vedlagt saken. Kontrollutvalet blir informert om *innhaldet* av førespurnadane/henvendelsene i møtet.

Handsaming av førespurnadar/henvendelser til kontrollutvalet

Følgjande blir lagt til grunn i saka:

- Kontrollutvalsboka, særskilt kap. 4
- FKT: Veileder for henvendelse til kontrollutvalget

Kommunestyret kan be kontrollutvalet handsame saker og utvalsmedlemmer kan på eige initiativ bringe saker, som dei meiner er viktige, inn for utvalet. Kontrollutvalet kan også handsame førespurnader/henvendelser frå innbyggjarar eller andre som meiner dei har ei sak for utvalet.

Kontrollutvalet må vurdere kvar førespurnad/henvendelse og avgjere *korvidt* og *korleis* det skal handsame den og det som kjem fram i den.

- Er saka innanfor kontrollutvalets mandat og oppgåver?
- Er det risiko for manglande måloppnåing, regeletterleving eller vedtaksoppfølging? Utvalet bør vurdere saker ut frå risiko- og vesentlegheit.
- Kva utfall gjev bruk av "Trafikklysmodellen"?

Det er innhaldet i førespurnaden/henvendelser som kontrollutvalet eventuelt følgjer opp som sak. Det er god forvaltningsskikk å gje avsender attandemelding, men det er ikkje førespurnaden/henvendelsen i seg sjølv som skal svarast ut av utvalet.

Kontrollutvalet kan ta opp eitkvart høve ved kommunens verksemd så lenge det kan definerast som kontrollarbeid.

Kontrollutvalets handlingsalternativer

- Kontrollutvalet tek førespurnaden/henvendelsen til orientering. Saka blir avslutta.
- Kontrollutvalet vedtek å følgje opp saken ved å be om meir informasjon.
- Kontrollutvalet vedtek å følgje opp saken med ei kontrollhandling.

Vurdering

I samsvar med rettleiaren punkt 4.2, gjer sekretariatet ei vurdering av innhaldet i førespurnaden/henvendelsen og kjem med forslag til korleis den kan handsamast. Sjølv om det er fleire førespurnadar/henvendinger, meiner sekretariatet at det er tenleg å handsame dei samla fordi innhaldet er i stor grad samanfallande.

Kontrollutvalet har ansvar for å kontrollere kommunens verksemd på vegner av kommunestyret. Sekretariatet vurderer at innhaldet og dermed sakene i all hovedsak er innanfor kontrollutvalets mandat og oppgåve.

Det framkjem informasjon om at det kan være brot på lovverk, vedtekne retningslinjer og rutiner samt avvik i høve til anerkjent praksis for offentlig forvaltning. Sakene som heilheit innfrir prinsippet om risiko- og vesentlegheit.

Bruk av "Trafikklysmodellen"¹ resulterer i kryss på grønne felt på dei fleste spørsmåla og delvis/gult felt på to spørsmål for noko av dei førespurnadane/henvendingane handlar om.

Sekretariatet vil presisere at evt. oppfølging av informasjon og spørsmål i førespurnadane/henvendingane blir å følgje opp på systemnivå, ikkje som enkeltsaker.

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet handsamar og følgjer opp det som framkjem i førespurnadane/henvendingane ut frå kontrollutvalets kontrollfunksjon og risiko- og vesentlegvurdering. Men gjer merksam på at det er kontrollutvalet som skal vurdere og vedta om utvalet går vidare med dei førespurnadane/henvendingane tek opp og korleis.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet følgjer opp innhaldet i dei mottekne førespurnadane/henvendingane ved å be om meir informasjon, m.a. rutiner, retningslinjer og dokumentasjon.

Handsaming

Kontrollutvalet vedtok å lukke møtet under handsaminga, jfr. kommunelova § 11-5.

Kort oppsummert er innhaldet i mottatte henvendinger:

- Spørsmål til kommunen blir ikkje svart ut innan rimeleg tid
- Blir saker og prosesser handsama riktig med tankje på informasjon og medverknad?
- Bekymring frå fleire om leing og arbeidsmiljø og konsekvenser av dette

Kontrollutvalet gjekk gjennom henvendingane og drøfta korleis dei ville handsame dei.

Vedtaket var samrøysta.

¹ "Trafikklysmodellen" er utvikla av Deloitte AS og er attgjeve i FKTs rettleiar. Den har 12 spørsmål der kryss på raude felt peikar i retning av å ikkje følgje opp, medan kryss på grønne felt talar for å følgje opp førespurnad/henvendinge.

Vedtak

Kontrollutvalet følger i første omgang opp innhaldet i dei mottatte førespurnadene/henvendelsene ved å innhente meir informasjon.

Kontrollutvalet ber kommuneadministrasjonen oversende følgjande dokumenter:

- Kommunens rutiner for oppfølging/attandemelding av skriftlige henvendelser der innbyggjarar ber om informasjon
- Kommunens avviksrutine i internkontrollen og kommunens varslingsrutine etter arbeidsmiljøloven § 2A
- Rapport(ar) og oppfølgingsplan frå siste gjennomførte arbeidsmiljøundersøkelser

Kontrollutvalet ber om informasjon om når neste arbeidsmiljøundersøkelser er planlagt.

Kontrollutvalet ber om at dokumenter og informasjon blir mottatt i forkant av neste utvalsmøte som er 27. november.